

STORD
KOMMUNE



Handlingsplan mot vald og overgrep

2020-2024



Vedteken i:


Utval for oppvekst og kultur

Utval for rehabilitering helse og omsorg

Innholdsliste

Innleiing	3
Bakgrunn for planen	3
Prosjektorganisering	3
Styringsgruppa.....	4
Prosjektgruppa	4
Referansegruppa	4
Målsetjinga med planen.....	4
Målgruppe	5
Førebygging.....	5
Valdsforståing	5
Kor stort er omfanget av vald og overgrep?	6
Omfanget nasjonalt og lokalt	6
Kriminalitetsstatistikken.....	6
Nasjonale undersøkingar.....	7
Lokale undersøkingar	7
Andre lokale data.....	9
Vurdering:	11
Situasjonsskildring av tenestene i Stord kommune – tilbakemeldingar frå einingane	12
Førebyggjande tenester	12
Barneverntenesta	13
Eining for psykisk helse og rus.....	14
Stord sjukeheim og omsorgssenter	15
NAV sosialtenesta	15
NAV flyktingtenesta	16
Eining for habilitering	16
.....	17
Heimebaserte tenester	17
Politiet sitt arbeid med vald i nære relasjonar i parforhold	18
SMISO (senter mot incest og seksuelle overgrep) Hordaland på Stord.....	19
Familievernkontoret	19
Krisesenter Vest IKS	19
Helse Fonna	20
Summert opp	21
Målsetjingar og tiltak	21
Samfunnsorienterte mål	22

Tiltak	22
Organisatorisk mål.....	23
Tiltak	23
Individorienterte mål.....	24
Tiltak	24
Implementering og gjennomføring av handlingsplanen	24
Implementering og kompetanseheving	24
Økonomi.....	25
Evaluering og rullering av planen	25
Nyttige lenker i arbeidet mot vold og overgrep:.....	25
Bibliografi.....	26
Litteratur	26
Offentlege kjelder	26
Elektroniske kjelder	26



Innleiing

«Samfunnets viktigste oppgave er å beskytte sine borgere. At mennesker blir utsatt for vold og overgrep angår oss alle. Vold og overgrep får først og fremst følger for den som rammes. Det er også et samfunnsproblem og et folkehelseproblem som kan medføre betydelig fysiske og psykiske problemer. Vold har store kostnader i form av økte behov for hjelpetiltak i skolen, psykisk og fysisk helsehjelp, barneverntiltak, krisesentertilbud, sosialtjenester og politiressurser. Barn og voksne blir utsatt for store belastninger og noen blir skadet for livet. Å utsettes for vold kan begrense den enkeltes liv og muligheter til å realisere sine mål, drømmer og ambisjoner. Arbeidet for å forebygge og bekjempe vold og overgrep må prioriteres høyt. Dette er en investering i alles fremtid»¹.

Bakgrunn for planen

Å førebyggje vald og overgrep er ei nasjonal satsing og innsatsen mot vald og overgrep er mellom anna nedfelt i Regjeringa Solberg sin opptrappingsplan mot vald og overgrep 2017-2021. Handlingsplanar mot vald og overgrep er meint å sikre at kommunane har fokus på vald og overgrep og at involverte får eit tilrettelagt og heilskapleg tilbod. Planane skal styrkje kunnskapsnivået hos tilsette og vidareutvikle samarbeidet mellom faggrupper, sektorar og forvaltningsnivå². Planperioden for Stord kommune sin handlingsplan mot vald i nære relasjonar av 2015-2018 har gått ut. Denne planen erstattar Stord kommune sin førre plan på området. Handlingsplanen omhandlar no all vald og overgrep, og ikkje berre vald i nære relasjonar. Planen tek ikkje for seg dei ulike faktorane som kan liggja bak det at folk tyr til vald som uttrykksform eller lever under tilhøve der dette vert ein del av kvardagen.

Prosjektgruppa sitt mandat er å utforma ein handlingsplan mot vald og overgrep som er gjeldande for perioden 2019-2023. Planen er skriven ut i frå dagens kunnskapsgrunnlag, kompetanse og erfaringar på området. Handlingsplanen er meint for alle innbyggjarane i kommunen. Dette krev breidde, erfaring og kunnskap om alle livssituasjonar. Den skal vere eit hjelpemiddel for å sikre at kommunen sitt hjelpetilbod overfor temaa vald og overgrep er kunnskapsbasert og samordna, samt at kommunen oppfyller lovverket sitt krav til å førebyggje, avdekkje og avverge vald og overgrep.

Prosjektorganisering

Prosjekteigar er rådmannen, og prosjektansvarleg er kommunalsjef Mariann Jacobsen Hilt.

I arbeidet med planen vart det oppretta ei styringsgruppe, ei referansegruppe og ei prosjektgruppe som på ulikt nivå har arbeidd med planen. Dei ulike gruppene har hatt høve til å komma ned innspel undervegs i prosessen. Samansetninga av gruppene har vore brei. Dette for å nå alle tenesteområder og med mål om å få

¹ Barne- og likestillingsdepartementet 2016

² Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS) u.å.

mest mogleg kunnskaps- og erfaringskompetanse med i planen. Handlingsplanen er utarbeida etter Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS) sin rettleiar; *kommunale handlingsplaner mot vold i nære relasjonar*³.

Styringsgruppa

Birthe Blokhus, prosjektleiar	Førebyggande tenester
Rune K. Pedersen, einingsleiar	NAV kommune
Jørund Tvedt, einingsleiar	Sunnhordland interkommunale barnevernteneste
Lars Helge Sørheim, Kommunelege	Fagavdeling rehabilitering helse og omsorg
Britt Sørensen Dalsgård, einingsleiar	Heimebaserte tenester
Diana Bergeland, einingsleiar	Psykisk helse og rus
Nina Steinsbø Walquist, einingsleiar	Eining for habilitering

Prosjektgruppa

Birthe Blokhus, prosjektleiar	Førebyggande tenester
Bjarte Epland, SLT-koordinator	Førebyggande tenester
Anne Tranøy Hovden, rettleiar	Flyktningeteam, NAV
Oddny Barmen, rettleiar	Sosiale tenester, NAV
Ina Blikra Valvatne, koordinator	Rus og psykisk helse
Torill Eide, lagleiar	Sunnhordland interkommunale barnevernteneste
Sigrun Helland, leiande helsesjukepleiar	Førebyggande tenester
Mari P. Dale, Nestleiar/fagansvarleg barn	Krisesenter Vest IKS
Esther Aasen Bjelland, einingsleiar	Stord sjukeheim
Randi Huglen, avdelingssjukepleiar	Heimebaserte tenester

Referansegruppa

Referansegruppa har bestått av representantar i frå offentlege instansar, lag og organisasjonar. Eldrerådet, demensforeininga, rådet for funksjonshemma, mental helse Stord og Hordaland, Redd barna region vest, Senter mot incest og overgrep (SMISO – Hordaland), familievernkontoret, flyktningtenesta i Stord kommune, folkehelsekoordinator i Stord kommune, politiet og ein brukarrepresentant har alle vore med. Utdanningsforbundet har vorte orientert og kom med innspel til planen. Referansegruppa har hatt to møte med prosjektgruppa og vore delaktige i og mellom møta med kunnskap og tilbakemeldingar på planen.

Målsetjinga med planen

Målsetjinga med planen er å:

- Gje kunnskap om vald og overgrep i Stord kommune
- Gje kunnskap om tenestetilbodet om vald og overgrep i Stord kommune
- Utarbeide ein handlingsplan som skildrar innsatsområder for planperioden

³ Ibid.

Målgruppe

Målgruppa for planen er kommunens innbyggjarar, tilsette og brukarar av ulike tenester. Planen omhandlar heile livsløpet; barn, unge, vaksne og eldre. Planen skal ivareta både utøvarar av og utsette av vald og overgrep.

Kommunen har ansvar for å ivareta alle innbyggjarane uavhengig av kjønn, alder, funksjonsevne, etnisitet eller livssyn.

Førebygging

I arbeidet med å førebygga vald og overgrep kan det skiljast mellom universell, selektiv og indisert førebygging. Universell førebygging rettar seg mot heile befolkningsgrupper, til dømes alle kommunen sine innbyggjarar eller alle barn på grunnskulen. Selektiv førebygging rettar seg mot grupper med mogleg høgare risiko for å oppleve vald og overgrep, medan indisert førebygging er tiltak retta mot personar med allereie kjend valdsproblematikk eller i høg risiko for å oppleve det.

Valdsforståing

Mange menneske står i livssituasjonar som aukar risikoen for vald og overgrep. Risikoen er knytt til barndom, livsstil, kultur, økonomi, sosiale tilhøve og individuelle faktorar. Kommunen har ulike handlingsplanar, og tenestene ulike oppgåver og fokusområder som rettar seg mot førebygging, avdekking og avverging av vald og overgrep. Handlingsplanen skal samla dette og gje tenestene felles forståing og kunnskap for å vidareutvikle tenestetilboda i kommunen.

Ein mykje nytta definisjon av vald er Per Isdals definisjon frå 2000.

"Vold er enhver handling rettet mot en annen person som gjennom at denne handlingen skader, smerter, skremmer eller krenker, får denne personen til å gjøre noe mot sin vilje eller slutte å gjøre noe den vil⁴".

Det finnes ulike typar vald^{5,6}:

⁴ Isdal 2000

⁵ Stord kommune 2019

⁶ Alternativ til vold u.å.

Fysisk vald; All fysisk kontakt som er smertefull eller hindrar bevegelse.

Psykisk vald; Ord, kroppsspråk, eller stemmebruk som krenker, truar eller kontrollerer andre.

Indirekte vald; Vitne til vald og/eller konsekvensane av valdshandlingar

Materiell vald; Handlingar som er retta mot gjenstandar eller inventar, til dømes slå eller sparke i stykke møblar, kaste og øydeleggje gjenstandar.

Økonomisk vald; Økonomisk uavhengigheit er ein føresetnad for å kunne ta frie val. Uønskt økonomisk kontroll frå sin partner er eit døme på økonomisk vald.

Latent vald; Er når offer for valden kjenner at valden er med dei heile vegen. Risikoen for ny vald styrer åtferda til offeret.

Digital vald; Misbruk av internett og mobiltenestar til å trakassere, krenke, true, presse, spreie privat informasjon og vise og/eller dele overgrep

Æres relatert vald; Vald som vert utløyst av familiens behov for å ivareta eller rette opp ære og omdømme.

Negativ sosial kontroll; Kan vere når ulike formar for press, trugslar, oppsyn og tvang vert utøvd for å sikre at einskildpersonar lever i tråd med familiens/ gruppas normer.

Seksuelle overgrep og vald; Alle former for seksualiserte handlingar som ein vert pressa, tvinga eller trua til, eller forsøkt pressa til mot sin vilje.

Tvangsekteskap; Er ekteskapsinngåing der éin eller begge ektefellene ikkje har mogelegheit til å velje å vere ugift utan å bli utsett for vald, fridomsinnskrenking og urimeleg press.

Kor stort er omfanget av vald og overgrep?

Omfanget nasjonalt og lokalt

Det er vanskeleg å gje eit sikkert bilete av mengda vald og overgrep i samfunnet. Undersøkingar er ulikt utforma og med ulik definisjon på vald. Det manglar vidare data på ulike grupper. Samla gjev dette mørketal. Det finst likevel sentral statistikk og forskning. Kunnskapsgrunnlag frå nokre av desse vert greia ut i det følgjande.

Kriminalitetsstatistikken

Kriminalitetsstatistikken viser berre omfanget av den meldte valden til politiet og ein reknar at berre om lag éin femtedel av all vald blir meldt.

Kriminalitetsstatistikken for 2018 syner at det var 132 meldte saker til politiet på Stord i 2018 som omhandla vald og mishandling. Det utgjer 7 saker per 1000 innbyggjar. Dette er litt høgare enn landsgjennomsnittet og snittet i Hordaland, og klart høgare enn gjennomsnittet til kommunane med storleik på 10 til 20- og 20 til 30 tusen innbyggjarar . Dette er meldte saker til politiet og éin person kan ha fleire saker.

Nasjonale undersøkingar

Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS) utførte i 2014 ein av dei nyaste og mest omfattande undersøkingane⁷ om omfanget av vald og overgrep i Noreg. 2435 kvinner og 2092 menn i aldersgruppa 18-75 år deltok i undersøkinga. Undersøkinga syner at det er ein betydeleg del av innbyggjarane i Noreg som vert utsett og/eller utsetter andre for vald og overgrep. 17 % av begge kjønn oppgav at partnaren deira hadde utsett dei for minst ein fysisk valdshandling i løpet av livet som dytting, kloring, lugging, bli slegen og sparking. Ser ein på meir alvorleg vald er det langt fleire kvinner enn menn som svara at dei har vore utsett for slag med knyttneve eller gjenstand, spark, kvelartak og eller trua med våpen. Kjønnsskilnaden er også stor på dei som svara at dei hadde blitt valdteken og utsett for seksuelle krenkingar. 9,4 % av kvinnene og 1,1 % av mennene svara at dei hadde blitt valdteken i løpet av livet og éin tredjedel av alle kvinnene og meir enn éin av ti av mennene hadde vorten utsett for ein eller annan form for seksuell krenking.

Ei anna undersøking av 2015⁸ utført av Norsk institutt for oppvekst og utdanning (NOVA) fann ut at heile 21 % av 18 og 19 åringane som svara hadde opplevd fysisk vald frå minst éin forelder i løpet av oppveksten, 6 % hadde opplevd grov vald som slag med knyttneve og eller gjenstand (juling) av minst éin forelder. I den same undersøkinga fortalte 29 % av jentene og 7 % av gutane at dei hadde blitt utsett for minst ei seksuell krenking i løpet av oppveksten.

Lokale undersøkingar

Ungdata er eit kvalitetssikra og standardisert system for lokale spørjeundersøkingar. Undersøkinga spør skuleelevar på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring om ulike sider ved livet sitt. Vald og trugslar er noko av det som undersøkinga spør elevane om.

Ungdomsskuleelevane og vidaregåandeelevane på Stord gjennomførte undersøkinga i 2015 og 2019. Undersøkingane viser at gutane er klårt overrepresentert både som offer og utøvar av vald og trugslar. 11 % av ungdomsskuleelevane på Stord svara at dei var utsett for trugsmål minst éin gong det siste året. Deler me det opp på kjønn, svara 15 % av gutane at dei var utsett for trugsmål det siste året, mot 7 % av jentene. I 2015 var det totalt 5 % som rapporterte om det same. Det har også vore ei auke i omfanget av vald sidan 2015. Auken har fyrst og fremst vore blant gutar på ungdomsskulane. Grafen under syner prosentdelen av ungdomsskuleelevane som har rapportert at dei har vore utsett for ulike former for vald det siste året og kva konsekvensar det har hatt.

⁷ Thoresen, S., & Hjemdal, O. K. 2014

⁸ Mossige, S. og Stefansen, K. 2016


Prosentdel som har blitt utsette for ulike former for vald det siste året



Om ein ser på vald i familien fortel 8 % av gutane på ungdomsskulen at dei har blitt slått i heimen det siste året mot 4 % av jentene. Halvparten av jentene har prøvd å seie i frå, mot 39 % av gutane.

På Stord vidaregåande skule er det berre nokre få prosent, og mindre enn landsgjennomsnittet, som har blitt utsett for vald og trugslar. Dei fleste er gutar og er utsett for trugsmål, medan nokre vart skadde av valdsbruk. 3 % av begge kjønn rapporterte om at dei har blitt slått i heimen i løpet av det siste året. Undersøkinga av 2019 synte vidare at over 11 % av jentene har blitt pressa til seksuelle handlingar og 4 % rapportert at dei hadde hatt sex mot si vilje i rusa tilstand. Det er ein liten nedgang sidan undersøkinga i 2015.

Einingane psykisk helse og rus og NAV har i fleire år nytta kartleggingsverktøyet Brukarplan. Brukarplan er eit verktøy for å kartleggje personar som er registrert med kommunale tenester og som fagpersonar vurderer har eit rusproblem og/eller psykiske helseproblem. Undersøkinga synleggjer om brukarane har vorten utsett for vald og trugslar, har utsett andre for vald og trugslar, men har ikkje vorten utsett sjølv, og kategorien vorten utsett og har utsett andre for vald og trugslar. Tabellen syner talet på personar i dei ulike kategoriane fordelt på åra 2017 og 2018.





I tillegg viser data i frå 2017 lik kjønnsfordeling av dei som vert utsett for vald og trugsmål, medan av dei som svarar at dei utsette andre for dette er 11 av 12 menn.

Andre lokale data


Sunnhordland interkommunale barnevernteneste

Talet meldingar til barneverntenesta som omhandlar vald og gjeld barn dei ikkje er i kontakt med frå før, har vore relativt stabilt dei siste tre åra. I motsetning til stabile valdstal, vart det i 2018 ein kraftig reduksjon i tal meldingar som omhandlar overgrep. Dette gjeld både melding på barn som er nye for barneverntenesta og barn som barneverntenesta allereie er i kontakt med.



Politiet

Dataa i frå barneverntenesta omhandlar vald i nære relasjonar. Ei anna kjelde som syner omfanget av vald i nære relasjonar er politiet sine partnervaldssaker. Oversikta under skildrar partnervaldssaker i Stord kommune i perioden 2016 – 2018. Oversikta syner tal på saker og ikkje personar. Besøksforbod er mykje nytta i partnervaldssaker. Brot på besøksforbod vert rekna som ny sak, slik at same person kan ha fleire saker. Politiet prioriterer partnervaldssaker høgt og gjer ei risikovurdering ved alle desse sakene. Kategorien «ikkje vurdert» er grunna saka sitt innhald/ karakter.




Familievernkontoret

I 2018 vart det gjennomført ei landsomfattande undersøking ved familievernkontora. Undersøkinga synte at i området Bergen- og omland er 20 % av meklinga, valdsmekling. I 9% av sakene om partnervald var partane like aktive i utøvinga, medan i nærare 80% av tilfella var det menn som utøvde vald mot partnaren.

Krisesenteret

Krisesenter vest har sidan starten i 2011 gjeve eit trygt mellombels butilbod til dei som har hatt trong for det på Stord og nabokommunane. Krisesenter vest har to avdelingar der ei ligg på Stord. 50 % av dei som nyttar denne avdelinga kjem i frå Stord. Oversikta under syner det totale talet brukarar av begge avdelingane.



Vurdering:

Det sjå ut som at valdsbruken er høgare i dag enn den har vore på nokon år. Kriminalstatistikken visar at Stord scorar høgare enn landsgjennomsnittet og høgare enn samanliknbare kommunar på folketal. Ein annan faktor det er verdt å merke seg er den auka valdsbruk blant ungdommane dei siste fire åra, og at det er færre gutar som seier i frå når dei har vorten utsett for vald. Det vert viktig å jobbe for at fleire gutar seier i frå når me samstundes veit at dobbelt så mange gutar enn jenter på ungdomsskulane på Stord rapporterte om at dei hadde vorten slått i heimen. Sjølv om prosentdelen av jenter på vgs. som har blitt pressa til seksuelle handlingar har gått litt ned i frå 2015, gjeld dette framleis kvar tiande jente på vidaregåande skule.



Situasjonsskildring av tenestene i Stord kommune

– tilbakemeldingar frå einingane

Det er mange tenester som møter menneske med erfaring med å utøve og/eller vere offer for vald og overgrep. Tenestene møter innbyggjarane på ulike måtar i tråd med ulike rammer, mandat og brukargruppe. Dette kapittelet gjev ei samanstilling av tilbakemeldingane frå tenestene om arbeidet deira kring vald og overgrep.

I oppvekstsektoren som inkluderer barnehagane, skulane og ulike støttetjenester for barn og unge er det ein felles samhandlingsmodell, Betre tverrfagleg innsats (BTI) som alle skal arbeida etter. I 2018 vart det laga ein ny digital handlingsrettleiar som skildrar korleis alle skal handle ved uro for barn og unge. Rettleiaren skildrar mellom anna at ved alle mistankar om vald og/eller overgrep skal ein kontakte barnevernet for råd og rettleiing, og dersom det er behov for akutt bistand skal ein ringa politiet. Barnehagane og skulane møter stundom på problemstillingane med vald og overgrep og er viktige arenaer for å førebyggje vald og overgrep. Dei arbeider difor tett med ulike tenester i kommunen.

Førebyggjande tenester

Førebyggjande helsetenester gjev lovpålagte helsetenester til born/ungdom 0-20 år. Avdelinga har 3 helsestasjonar, skulehelseteneste ved til saman 10 skular, helsestasjon for ungdom, svangerskaps- og barselomsorg og fysioterapi for barn og ungdom 0-16 år. Tilsette i avdelinga jobbar etter BTI modellen og arbeidar tett saman med med ulike tenester.

Arbeidsoppgåvene ved helsestasjon/skulehelseteneste speglar ulike satsingsområde frå statleg hald, som t.d. vald i nære relasjonar og tidleg identifisering av psykiske vanskar/rusvanskar hjå foreldre. Nær 100% av borna i kommunen følgjer programmet ved helsestasjon og skulehelseteneste. Helsestasjon 0-5 år har pr. i dag 14 faste kontrollar, dei fleste i løpet av 1. leveår. Undersøking på helsestasjonen gjev moglegheit for observasjon av fysiske og psykiske teikn til vald/overgrep, og mykje informasjon kan hentast gjennom observasjon av barnet i samspel med foreldra. Skulehelsetenesta har faste kontaktar med nær alle barn/ungdommar på 7 ulike klassetrinn, med vaksining, individuell helseundersøking eller undervisning i grupper. Foreldra deltek på 1. klasseundersøkinga.

Vald og overgrep er fast tema i samtale med foreldre på fleire alderssteg, t.d. heimebesøk til nyfødde og 1. klasseundersøking i grunnskulen. Jordmor har vald og overgrep som fast tema i svangerskapsveke 20. Tema vert i tillegg teke fram i individuelle samtaler på ulike alderssteg, både med barn, ungdom, foreldre og gravide. Dei siste åra har helsestasjon og skulehelsetenesta avdekkja fleire tilfelle av vald og overgrep enn tidlegare, noko som m.a. viser i meldingsfrekvens til barnevernet. Førebyggjande helsetenester følgjer opp barn, ungdom og gravide med psykiske utfordringar. Tidlegare negative livshendingar, t.d. vald og overgrep, kan i fleire tilfelle vise seg å vere årsak til vanskan.

Førebyggjande helsetenester har aukande satsing på foreldrerttleiing, m.a. gjennom kompetanseheving. Fleire tilsette har lært bruk av verktøy som ICDP (International Child Development Programme) og COS (Circle Of Security). Styrking av foreldrerolla gjennom førebyggjande program som ICDP og COS kan gje eit tryggare og betre heimeklima, og dermed medverke til ein betre oppvekst. Programma kan nyttast som gruppetilbod til alle foreldre, eller som del av individuell oppfølging for foreldre med ekstra behov.

Ungdomsteamet består av utekontakt, ungdomskontakt og SLT-koordinator (samordning av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak). Dei arbeider med ungdom i alderen 13-23 år med ulike problemstillingar knytt til psykisk helse, rus, sosiale vanskar og tenesta samarbeider tett med andre kommunale hjelpetenester, skulane, spesialisthelsetenesta, konfliktrådet og politi. Teamet arbeider på individnivå saman med ungdom og familie, på gruppenivå med ulike gruppetilbod og på systemnivå med ulike universelle tiltak. Teamet har arbeidd med ulike intervensjonar der ungdom har utsett ungdom for vald og overgrep. Dette både i individsaker, men og tilfelle der det har vore avtalte slåsskampar mellom ungdom. Noko ein ser på landsbasis har vore og til dels framleis er ein trend.

Dei tilsette handlar etter internkontrollen sine prosedyrar og dei nedfelte rutinane i forhold til valds- og overgrepssproblematikk. Fagleg leiar og einingsleiar fylgjer opp, og saker vert meldt til kommunalsjef om naudsynt. Det har ikkje vore tilfelle i nyare tid der tilsette har vore utsett for trugsmål frå brukarar eller andre.

Barneverntenesta

Sunnhordland Interkommunale barnevernteneste har ei viktig rolle for å førebygge, avdekke og stoppe vald i heimen. Barn som opplever vald i heimen, lever i ein alvorleg omsorgssituasjon med risiko for at dei vert skada, utrygge og får redusert livskvalitet både som barn og seinare i livet. Skadeverknader med å leve i ein familie der det førekjem vald mellom vaksne, er dei same som om barnet vert utsett for direkte vald. Barneverntenesta får dermed ein spesiell rolle i mange av desse sakene. Her finst det kompetanse på avdekking, behandling og samarbeid med barn. Barneverntenesta har teke i bruk arbeidsmodellar, som t.d. Klemetsrudsmodellen om tenesta får kjennskap om at barn blir utsett for vald.

Barneverntenesta deltek på nivå 2 i BTI modellen og gjennomfører føredrag og rettleiing til andre instansar etter førespurnad på eit førebyggjande nivå. Når det er mistanke om at barn blir utsett for eller er vitne til vald blir inngang i sak drøfta og i dei fleste tilfelle blir det gjennomført samtale med barnet først, utan at foreldre blir varsla. Det blir også nytta metoden Klemetsrud i dei alvorlege sakene. Politianmelding blir fyrst gjennomført om tenesta ikkje kan stoppe valden med eigne tiltak. Det er utarbeida eigne rutinar for vurdering av alvorgrad og fristar for start.

Barneverntenesta har følgjande tiltak i arbeidet med barn som vert utsett for vald og/eller overgrep.

- Rettleiing til føresette (enkel og effektiv aggresjonskontroll, ICDP, COS og generell rettleiing tilpassa situasjonen)
- Melde og umelde tilsyn i heimen
- Barnesamtalar
- Utarbeide tryggleiksplan med føresette og barn
- Samarbeid med andre instansar

Dersom tilsette blir utsett for vald eller trugslar følgjer tenesta utarbeidde rutinar for tilsette i Stord kommune. Tenesta gjennomfører debriefing med den/dei det gjeld, leiar og lagleiar. Om sikring/trygging av tilsette krev det, kan ytterdør verta låst. Tilsett kan og tilbod om samtaleoppfølging hjå psykolog.

Alle tilsette gjennomfører RVTS si kompetanseheving med dei relevante modulane; «Barnevernets arbeid etter avdekking av vald og overgrep» og «Samtaler med barn».



[Eining for psykisk helse og rus](#)

Eininga for psykisk helse og rus gjev kommunale hjelpetiltak for personar med psykisk helsevanskar og/eller rusproblematikk for personar over 18 år. Eininga består av 3 ulike avdelingar; Oppsøkande teneste, dagtilbod og bufelleskap. Eininga tilbyr ulike tenester som støttesamtalar, sårstell, utdeling av brukarutstyr, bustadoppfølging, heimebaserte tenester, tiltak i høve ernæring med meir.

Vald og overgrep mellom brukarane er ein problematikk eininga møter hyppig, og særskild i nokre avdelingar. Det er i mange tilfelle utfordrande for personale å løyse desse tilfella, men gjev støtte og hjelp til valdsutsett om å kontakte politi. Valdsutøvar vert i mange tilfelle ivareteken av politiet. Kommunen kan mellom

anna bistå med tilvising til sinnemeistringskurs og vere ein aktiv aktør i eit samarbeid rundt aktuell person.

Eininga kjem sjeldan bort i problematikken med vald og overgrep mellom brukarar og pårørende. Ved slike tilfelle kan eininga bidra med støtte og rettleiing. Eininga har ikkje kome bort i tilfelle der tilsette har utøvd vald eller overgrep mot brukarane.

Eininga har hatt nokre tilfelle der brukarar har utøvd fysisk vald mot personale. Verbale trugsmål og seksuelle tilnærmingar er ei større utfordring. Leiinga tek slike hendingar på alvor, og tilbyr i desse tilfella blant anna debrifing. For å sikra personalet best mogleg for uønskte hendingar tilbyr eininga kurs om handtering av vald og truslar (TERMA kurs). Det vert også kontinuerleg vurdert om det er naudsynt å gå fleire saman til einskilde brukarar. Ved tilfelle av vald og overgrep, nyttar eininga «rutine for handtering av vald og trugsmål i Stord kommune». I tillegg vert slike avvik meldt i kommunen sitt internkontrollsystem.

[Stord sjukeheim og omsorgssenter](#)

Stord sjukeheim og Knutsaåsen Omsorgssenter gjev butilbod og helsehjelp til eldre og pleietrengande med ulikt funksjonssvikt og stort hjelpebehov. Dei har avdelingar for personar med somatisk sjukdom eller demenssjukdom, og ei eiga gruppe som er lagt til rette for personar som har psykiske lidningar og/eller rusproblem som grunnlidning. Sjukdomsbiletet hos nokre pasientar aukar risikoen for å verta utsett og å utøve vald og trugslar enn friske menneske gjer. Vald og truslar frå pasientar mot tilsette er noko som skjer jamleg, og det kan og oppstå episodar mellom bebuarar. For å førebyggja slike hendingar er det viktig at pasientane bur på avdeling som er tilrettelagt for dei, med tilsette med kompetanse på deira sjukdomar.

Eininga fylgjer Stord kommune sin rutine for handtering av vald og trugslar. Dei har og utarbeidd egne sjekklister for dei ulike involverte, basert på sjekklister frå eining for psykisk helse og rus, som skal nyttast av både tilsette, leiarar og vernetenesta.

Mange tilsette i eininga har kurs i mestring av vald og aggresjon. Som eit førebyggjande tiltak prioriterer også eininga rettleiing av tilsette frå spesialisthelsetenesta og refleksjonsgrupper med tilsette ved behov. Avdelingane med mest utagering har i tillegg rutinar for enkle risiko og sårbarheitsvurderingar ved enkeltpasientar og/eller enkeltoppgåver.

[NAV sosialtenesta](#)

NAV sine brukargrupper er i følgje undersøkingar overrepresentert når det gjeld å ha blitt utsett for vald og/eller overgrep i nære relasjonar. Dette kan gje store og langvarige konsekvensar for mellom anna helsa og arbeidsevna til brukaren.

Valdsutsette er i mange tilfelle heilt eller delvis økonomisk avhengig av valdsutøvar. Dette kan gjera det vanskeleg å bryta ut av eit tilvere prega av vald. Mange av bebuarane på krisesenteret vert tilvist til NAV. NAV/sosialtenesta

i NAV er difor ein viktig aktør i arbeidet mot vald og overgrep i nære relasjonar. Dette gjeld særleg i ei reetableringsfase, både når det gjeld å skapa ein tryggare økonomi, bidra med hjelp til å skaffa bustad og generell informasjon, råd og rettleiing. Sosialtenesta deltek i ansvarsgrupper rundt brukargruppa, og samarbeider med politi, barnevern, Flyktingtenesta, helsevesen, arbeidsgivar mm.

NAV flyktingtenesta

Flyktingtenesta har fokus på at brukarane kan vere utsette for vald/overgrep, og nyttar ulike tilnærmingar og tiltak når dei følgjer dei opp i kommunen vår. Flyktingtenesta informerer om rettigheitar og viser til rette hjelpeinstans. Dette kan mellom anna vere barnevern, familievernkontor og politi. Ved einskilde høve vert det oppretta ressursgrupper rundt personen / familien. Det gjev høve til samarbeid og rettleiing på tvers av fag og hjelpetilbod.

Flyktingtenesta og dei kommunalt tilsette i NAV melder avvik til både kommunalt og statleg rapporteringssystem. Verneombud og leiar vert varsla. Den tilsette vert følgd opp etter rutinar for vald og truslar i Stord kommune

Eining for habilitering


Vald og truslar om vald frå brukarar til tilsette skjer kvar veke i eininga. Det har vore svært få episodar som har vore alvorlege. Med dette meiner ein episodar som har resultert i legebeseøk, sjukehusinnlegging eller melding til politi. Når ein jamleg vert utsett for vald og trugsmål vil dette påverka tilsette over tid, og uheldige psykiske belastningar vil kunne førekoma. Eininga har rutinar for korleis ein skal førebygga slike hendingar, både på overordna nivå og på brukarnivå. Det har vore fokus på opplæring i høve RESIMA (tidlegare TERMA – terapeutisk mestring av aggresjon), og det er ynskjeleg at fleire tilsette kan få denne opplæringa. Hos nokre brukarar nyttar personalet tilkallingsalarm for å tryggja seg og/eller få hjelp dersom utagering oppstår. Ved fordeling av brukarar på vakter vert det teke omsyn til om tilsette er utrygge hos enkelte brukarar. Eininga meiner dei kunne vore betre til å ta på alvor trugslar frå brukar retta mot tilsette, dette kan vere alt frå trugslar om å bli slått, til meir alvorlege, som til dømes drapstrugslar. Eininga melder avvik i internkontrollsystemet og følgjer «Rutine for handtering av vald og truslar i Stord kommune», når slike hendingar har oppstått.

Det oppstår regelmessig episodar der brukarar er fysisk og verbalt utagerande mot kvarandre. Utfordring er at personalet ikkje er til stades når slikt skjer. Det som vanlegvis utløyser slik hendingar er frustrasjon, redsel og irritasjon brukarar mellom. Dette er episodar som kan vere vanskelege å handtera, då det ikkje alltid er tydeleg kva som utløyste dette. Tiltak når dette skjer, kan vere å prøva å skilja brukarane frå kvarandre, men dersom dei t.d. bur i same bufelleskap er dette svært utfordrande. Eininga kan ha behov for tydelegare rutinar/prosedyrar på dette området.

Eininga brukar Bufdir. sine retningsliner for seksuelle overgrep mot personar med utviklingshemming når dette er naudsynt. Slike hendingar vert alltid drøfta med einingsleiar og kommunalsjef. Det er Rådmannen som evt. melder saka til politiet. Eininga vil vurdere å lage eigne retningsliner.

Kvardagen kan vere vanskeleg og utfordrande for personar med utviklingshemming å handtere, noko som kan gi krevjande dagar både for brukar og pårørande, og risiko for å vald kan då oppstå. Tiltak som kan setjast inn for dei brukarane som bur saman med pårørande, er meir avlastning. Når det gjeld brukarar som bur i bufellesskap, vert det vurdert om det alltid skal vere personale til stades når brukarar og pårørande er saman. Alvorleg utagering og vald vert drøfta med einingsleiar og evt. kommunalsjef.

Sjølv om eininga ikkje har avdekka at tilsette har vore valdelege eller har trakassert brukar, kan ikkje dette ute lukkast. Enkelte brukarar kan provosere og tilsette sine handlingsmønster er forskjellige. Brukarar er oftast aleine med den tilsette og hendingar kan vere vanskeleg å avdekke då brukar kanskje ikkje er i posisjon til å ta dette opp. I dei siste åra vert det kravd politiattest for å jobbe i Eining for Habilitering, dette kan vere førebyggjande for at slike tilfelle ikkje vil førekome.



Heimebaserte tenester

Det er lite fysisk vald registrert i heimebaserte tenester. Dette kan blant anna skuldast at tenesta har organisert brukarar med psykiske vanskar og rus i ei anna eining. Ein annan grunn kan vere at tenesta har hatt stort fokus på demensomsorga dei siste åra. Med god tilnærming unngår tenesta episodar som kunne utvikla seg til vald. Når førebygging av vald vert ein dominerande del av tenesta vert det tilrådd buform med heildøgns omsorg og tett oppfølging.

Det oppstår sjeldan episodar mellom brukarar. Ektepar kan nokre gonger takla samlivet dårleg. Det kan vera grunna i omfattande helsesvikt, men og eit resultat av innarbeide mønster frå mange år tilbake. I desse tilfella forsøker ein å avhjelpe med å setje inn meir hjelp eller å tilby avlastning. I sjeldne tilfelle vert fysisk vald avdekka. I slike høve vert dette meldt til leiar og handtert omgåande. Einingsleiar vert alltid koplå inn. Alvorleg vald og overgrep vert drøfta med einingsleiar og evt. kommunalsjef. Einingsleiar og kommunalsjef vurderer om saka skal politimeldast.

Det er ein kjensgjerning at personar med demens kan endre personlegdom og handtere kvardagen på ein utfordrande måte, noko som kan gje krevjande dagar både for brukar og pårørande og risiko for å vald kan då oppstå. Tiltak som vert sett inn er meir hjelp, til dømes avlastning og i ein skilje høve å skilje partane fysisk. Brukar kan miste samtykkekompetansen til kvar han skal bu og det kan verte aktuelt å tilby opphald på institusjon.

Det kan enkelte gonger oppstå trakassering mellom brukarar som har ein demenssjukdom og som møter kvarandre på dagaktivitetstilbodet. Tiltak er då å skilje dei frå kvarandre med tilbod på ulike dagar eller grupper. I enkelte høve må brukar slutte på tilbodet.

Tilsette opplever relativt ofte verbale trugsmål, utskjelling og nokre få gonger seksuell tilnærming. I slike høve skal ein følgje «Rutine for handtering av vald og truslar i Stord kommune». Tenesta har regelmessige HMT møter, vernerundar og stort fokus på å melde avvik i internkontrollsystemet. Når brukar ikkje kan eller vil endre seg, vert løysinga gjerne kurs/opplæring for dei tilsette slik at dei kan fortsetje å gi hjelp til aktuell brukar.

Det er ikkje avdekket at tilsette har vore valdelege eller har trakassert brukar. Brukarar er oftast aleine med den tilsette og hendingar kan vere vanskeleg å avdekke då brukar kanskje ikkje er i posisjon til å ta dette opp. I dei siste åra vert det kravd politiattest for å jobbe i heimebaserte tenester, dette kan vere tiltak som hjelper noko.

[Politiet sitt arbeid med vald i nære relasjonar i parforhold](#)

I meldte partnervaldssaker som er under etterforsking nyttar politiet eit risikohandteringsverktøy kalla SARA (spousal assault risk assessment).

SARA er førebyggjande, der risikohandteringsstrategiar og samarbeid med andre etatar står sentralt. Resultatet vert ei risikohandtering som inneheld beskyttande tiltak, ein risikohandteringsstrategi og førebyggjande tiltak. Ulike beskyttande tiltak vert sett i verk gjennom etterforskingssporet. Målet er å hindra at ny vald oppstår og verktøyet vert nytta i alle saker som omhandlar vald i nære relasjonar i parforhold. Verktøyet vurderer risikonivået for framtidig vald og kor alvorleg valden kan bli, i yttarste konsekvens finn ein drapsfare. Risikovurderinga skal gje politiet svar på to spørsmål. Kva er risikoen for ny akutt vald mellom partane, og kva er risikoen for alvorleg/dødeleg vald mellom partane dersom ingen tiltak vert sett inn. Spørsmåla vert svart på med kategoriane *låg*, *middels* eller *høg* risiko. Risikovurderinga er grunnlaget for risikohandteringsstrategien som utgjer ein løysningsorientert og tryggleiksskapande innsats ovanfor valdsutsett og valdsutøvar.

Ressursane vert prioritert rundt dei alvorlegaste partnervaldssakene og det vidare tverrfaglege arbeidet og deling av informasjon er basert på samtykke frå dei involverte. Ved funn av *høg* risiko skal partane kvar for seg verta invitert inn til ein motivasjonssamtale der ein kartlegg livssituasjon og endringsvilje hjå den enkelte. Samtalen er ofte starten på eit tverrfagleg samarbeid kring personen. Politiet går og, i ulik grad, inn i saker med *middels* risiko.

SMISO (senter mot incest og seksuelle overgrep) Hordaland på Stord

SMISO Hordaland har hatt avdeling på Stord sidan 2010. Avdelinga er lokalisert på helsestasjonen på Leirvik. SMISO Hordaland tilbyr samtalar til utsette for seksuelle overgrep. Dei har hatt ein jamn pågang alle åra dei har vore på Stord. Dei er til stades ein dag annan kvar veke og møter fortrinnsvis kvinner som har vore utsett for seksuelle overgrep. Dei har også møtt menn og nokre ungdommar frå 16 år som er nedre aldersgrense med få unntak. SMISO Hordaland på Stord møter brukarar frå Kvinnherad, Stord, Bømlo og Fitjar. Dei har i heile perioden på Stord vore to tilsette til ei kvar tid i samtalan. I 2017 var det ekstra stor pågang og då var dei ein periode tre tilsette.

SMISO Hordaland gjennomfører også foreldresamtalar og parsamtalar, der éin av partane har vore utsett. Samarbeidet med aktuelle samarbeidspartnarar på Stord er godt, og avdelinga tilvisar jamleg brukarar til andre hjelpeinstansar. SMISO Hordaland er eit lågterskeltilbod, som betyr at brukarane ikkje har behov for ei tilvising for å kunne få samtale med fagleg rettleiar. Forutan at brukarar sjølv tek kontakt opplever dei at samarbeidspartnarar som barnevern, skulehelsetenesta med fleire, oppmodar utsette å ta kontakt for individuelle samtalar. Dette kan vere pårørande til utsette eller pårørande som sjølv er utsett for seksuelle overgrep.

I tillegg til samtalar gjev dei førebyggjande informasjon og rådgjeving på telefon. Dei gjev vidare undervisning til ungdommar på ungdomsskulen og på vidaregåande skulen, på borgarleg konfirmasjonsundervisning og til lærarar på vidaregåande skule.

Familievernkontoret

Familievernkontoret på Stord er en del av Bergen -og omland familiekontor. Bergen -og omland familiekontor er et ressurskontor i familievern. Det er ein kontinuerleg prosess med kompetanseheving for alle tilsette på deira kontor. I jobben med valdsutøvar og valdsutsette, er det primært å jobba med tryggleik og avdekking og å anerkjenne valdsbruken.

Krisesenter Vest IKS

Tilbodet til krisesenteret omfattar eit mellombels butilbod i trygge omgjevnadar, støtte og praktisk hjelp, råd og rettleiing, kartlegging med tanke på vald, hjelpe- og beskyttande behov, informasjon om rettigheter og moglegheiter, advokatbistand, formidle kontakt med andre instansar i tenesteapparatet, oppfølging i reetableringsfasen. Krisesenteret gjev per i dag ikkje et døgntilbod til personar med tilleggsproblematikk innan rus og psykisk helse, men kan gje råd og rettleiing til denne gruppa.

Begge avdelingane til Krisesenteret vest IKS tek imot kvinner og barn i døgntilbodet, medan avdeling Haugesund også tek imot menn og deira barn. Begge avdelingar gjev eit dagtilbod til både kvinner og menn.

Krisesenter Vest IKS arbeider også utadretta som mellom anna informasjonsarbeid om krisesentertilbodet og vald i nære relasjonar retta mot innbygarane og andre tenester i tenesteapparatet.

Helse Fonna

Helse Fonna gjennomfører sinnemeistringskurs for vaksne med ulik intervall og på ulike stader i sitt opptaksområde. I løpet av 2016 til og med 2018 gjennomførte Helse Fonna seks slike kurs som utgjer eit per halvår. Tre av desse kursa var på Stord. To for menn i 2016 og eit for kvinner våren 17. Dei tre andre var på Haugalandet. I planarbeidet kjem det tydeleg fram at mange instansar ikkje kjenner til hyppigheita av kursa og at svært få har erfaringar med å bruke tilbodet. Tilbodet vert annonsert i lokalavis og på e-post til ulike personar i Stord kommune. Ein kan melde seg på kurs utan tilvising frå instansar eller anna.



Summert opp

Utifrå dei situasjonsanalysar som er meldt inn, erfaringar og kompetanse meiner prosjektgruppa at ein må utarbeida meir systematisk arbeid på fleire områder og nivå i Stord kommune. Det trengst tydlegare kommunikasjon om korleis innbyggjarane i kommunen kan kome seg frå å vere ein bekymra nabo, eit valdsutsett barn eller ein tilsett som er utsett for vald og/eller overgrep, til å kunna melda frå om tilhøve eller situasjonar som gjev uro.

Ein del av førebygginga og avdekking vil vere å gi informasjon til innbyggjarane og særskilt born om kva som er eit overgrep. Dette arbeidet bør integrerast i opplæringa frå barnehage og vidare inn i skulen. Ein treng systematisk informasjon til føresette og born om vald og overgrep, kvar ein kan melde frå og kvar ein kan søkja hjelp anten ein er valdsutsett eller valdsutøvar.

Når det gjeld tilsette har arbeidet avdekkja at det er behov for tydelege rutinar som er formidla til alle, og at tilsette som er utsett for vald må få ei kvalitetssikra oppfølging når det er behov for det.

Tiltaka som bør setjast i verk den komande perioden er skjematisk nedfelt under i tiltaksplanar med tidsfristar og kven som er ansvarleg for gjennomføringa.

Målsetjingar og tiltak

Måla i planen er delt inn i hovudkategoriane samfunnsorienterte, organisatoriske og individorienterte mål. Under desse er det førebyggjande mål, mål for avdekking og stoppe ny vald og overgrep. Tiltak som skal setjast i verk er delt inn under hovudkategoriane.

Alle tiltak som skal setjast i verk skal evaluerast ved utarbeiding av ny plan.



Samfunnsorienterte mål

- Stord er eit samfunn det er trygt i høve vald og overgrep å vera innbyggjar i
- Innbyggjarane i Stord kommune aksepterer ikkje vald og overgrep
- Innbyggjarane i Stord kommune har kunnskap om kva vald og overgrep er, og veit kvar dei skal melde i frå

Tiltak

Kva	Tidsfrist	Ansvar
Utarbeide informasjonsmateriell til innbyggjarane om kva ein kan/ skal gjere når ein mistenker eller avdekkjer vald og overgrep	2020	Einingsleiar førebyggjande tenester
Implementere og ta i bruk undervisningsprogram i barnehage og skule om vald og overgrep	2020	Einingsleiar førebyggjande tenester
Folkehelseforum om vald og overgrep for innbyggjarar i ulike aldrar	2020-2023	Folkehelserådet i samarbeid med aktuelt tenestemråde
Ansvarleg alkoholhandtering; Systematisk og regelmessig samarbeid mellom representantar i frå utelivstadane, kommunen og politiet	Årleg	SLT-koordinator og avdelingsleiar fellestenester
Skaffe og formidle lokalkunnskap om vald og overgrep til innbyggjarane	Årleg	SLT-koordinator
Lansering av nettside « <i>Ut av den vonde sirkelen, ein valdsfri barndom</i> »	2020	Einingsleiar førebyggjande tenester
Delta på nasjonale kampanjar om vald og overgrep	Årleg	SLT-koordinator Folkehelsekoordinator

Organisatorisk mål

- Tilsette i Stord kommune har kunnskap om, og handlar etter kommunens rutinar om vald og overgrep
- Tilsette i Stord kommune har kompetanse til å avdekkje vald og overgrep og handle til det beste for innbyggjarane
- Tilsette i Stord kommune handlar i tråd med rutinar og lovverk for å stoppe ny vald og overgrep

Tiltak

Kva	Tidsfrist	Ansvar
<p>Utarbeide, samkøyre og oppdatere rutinar om vald og overgrep i internkontrollsystemet. Rutinane og retningslinjene skal famna om:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vald, seksuelle overgrep/krenkingar, trugsmål og traume mot tilsette - Tilsette som utøver vald og overgrep - Brukar mot brukar - Pårørande mot brukar 	2021	Personal- og organisasjonssjef saman med einingsleiarane
Gjere rutinane kjent for alle tilsette, og sikra årleg gjennomgang	2021	Personal- og organisasjonssjef/ einingsleiarar
Utarbeide ein handlingsretteleiar om kva ein skal gjere når ein mistenker eller avdekker vald og overgrep	2020	Einingsleiar førebyggjande tenester
Faste samarbeidsmøter mellom tenestene med mål om kompetanseutveksling om kvar andre sitt arbeid, mandat og handlingsrom	Årleg gjennom planperioden	Einingsleiarane
Kompetanseheving til tilsette om vald og overgrep i møte med ulike aldrar og utfordringar fagdagar saman med aktuelle samarbeidspartnarar	2020-2024	Einingsleiarane til Psykisk helse og rus Heimebaserte tenester Habilitering Stord sjukeheim NAV kommune Sib/førebyggjande Skulane Barnehagane
Tilby årlege kurs i metodikk i samtalar med barn det er knytt uro til	2020-2024	Barneverntenesta

Individorienterte mål

- Innbyggjarane har kunnskap om kva vald og overgrep er
- Innbyggjarane i Stord kommune har kjennskap til kvar ein skal melde frå
- Innbyggjarane i Stord kommune har tilgang til naudsynt hjelp for å stoppe bruk av vald og overgrep

Tiltak

Kva	Tidsfrist	Ansvar
Utarbeide informasjonsmateriell til innbyggjarane om kva ein kan/ skal gjere når ein mistenker eller avdekker vald og overgrep	2021	Einingsleiar førebyggjande tenester
Samtalar om vald og overgrep til gravide, føresett i helsestasjon, og barn og foreldre i skulen	2020	Leiande helsesjukepleiar
Styrkje hjelpetilbodet til valdsutøvarar i samarbeid med politi, alternativ til vald og spesialisthelsetenesta	2021	SLT koordinator
Gjere kjent og ta i bruk nettverktøyet «Ut av den vonde sirkelen»	2020	Einingsleiar førebyggjande tenester
Brukarane møter koordinerte tenester som samarbeider tverrfagleg saman med brukar av tenestene	Årleg	Einingsleiarane
Rettleiing til alle busette flyktningsfamiliar om norsk lover og normer	2020-2024	Einingsleiarar

Implementering og gjennomføring av handlingsplanen

Implementering og kompetanseheving


Det er einingsleiar sitt ansvar å sørgja for at planen vert kjent i eininga og for naudsynt kompetanseheving i høve gjennomføring av tiltaka. Planen må koma regelmessig på dagsorden i einingane. Aktuelle tiltak for eininga vert del av eininga sin handlingsplan (årsplan). Rapportering av gjennomførte tiltak kjem fram i einingsleiar si rapportering til strategisk leiing og i årsrapporten.

Økonomi

Tiltak som krev finansiering må innarbeidast og vurderast i høve den enkelte budsjettbehandlinga for kvart enkelt år.

Evaluering og rullering av planen

Styringsgruppa har ansvar for justering av planen dersom dette er naudsynt i planperioden. Planen skal evaluerast før planperioden er over. I samband med evalueringa skal vidare strategi leggjast.



Nyttige lenker i arbeidet mot vald og overgrep:

<https://atv-stiftelsen.no/#>

<https://www.forandringsfabrikken.no/article/forandringsfabrikkens-arbeid-paa-vold-og-overgrep>

<https://helsedirektoratet.no/folkehelse/psykisk-helse-og-rus/vold-og-overgrep>

<http://www.littsint.no/e-bok-og-app/>

<https://www.imdi.no/nora>

https://www.linktillivet.no/paa_godt_og_vondt.php

<https://www.nkvts.no/>

<https://plikt.no/>

<https://snakkemedbarn.no/>

<https://valdsfri.no/>

Bibliografi

Litteratur

Isdal, P. (2000), *Meningen med volden*. Oslo: Kommuneforlaget.

Mossige, S. og Stefansen, K. (2016), *Vold og overgrep mot barn og unge. Omfang og utviklingstrekk 2007-2015*, Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA rapport 5/2016).

Thoresen, S., & Hjemdal, O. K. (red.) (2014), *Vold og voldtekt i Norge. En nasjonal forekomststudie av vold i et livsløpsperspektiv*, (NKVTS Rapport nr. 1, 2014). Oslo: Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress.

Offentlege kjelder

Barne- og likestillingsdepartementet (2016), *Opptappingsplan mot vold og overgrep (2017-2021)*. Prop. 12 S (2016-2017)

Elektroniske kjelder

Alternativ til vold (u.å.). *Kva er vold?* Tilgjengeleg frå <<https://atv-stiftelsen.no/om-vold/hva-er-vold/>> [Publikasjonsdato ikkje oppgitt, lasta ned 22.03.19].

Nasjonalt kompetansesenter mot vald og traumatisk stress (u.å.). Tilgjengeleg frå <<https://www.nkvts.no/sites/komplan/Sider/default.aspx>> [Publikasjonsdato ikkje oppgitt, lasta ned 29.01.19].

SSB (2018). *Anmeldte lovbrudd*. Tilgjengeleg frå <<https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/statistikker/lovbrudda/aar>> [Publisert 27.03.19, lasta ned 29.04.19].

Stord kommune (2018). *Betre tverrfagleg innsats for barn og unge i Stord kommune* Tilgjengeleg frå <<https://stord.betreinnsats.no/>> [Publikasjonsdato ikkje oppgitt, lasta ned 13.02.19].

Stord kommune (2019). *Ut av den vode sirkelen. Ein valdsfri barndom*. Tilgjengeleg frå <<https://valdsfri.no>> [Publikasjonsdato ikkje oppgitt, lasta ned 08.11.19].